

UNIVERSITETET I BERGEN

MØTEINNKALLING

Studiestyret ved Det humanistiske fakultet

Tidspunkt: 01.10.25, kl. 12.15-14.00.

Stad: Harald Hårfagres gate 1, møterommet i 1. etasje.

Innkallinga er sendt til:

Heming Helland Gujord, Birger Solheim (IF), Aidan Conti (LLE), Christian Sæle (AHKR), Franz Knappik (FOF vara), Kari Jegerstedt (SKOK), Gry Ane Lavik (UB), Sara Søholt (studentrepr) og Tord Varhaug Lid (studentrepr).

Kopimottakarar: Jacob Hoffmann, Signe Nilssen, Ståle Melve, Deirdre Smith, Mari-Kristine Morberg, Julie Alver Tønsaker, Hanne Svanholm Misje, Ellen Vikersveen, Shizuka Sydnes, Helge Restad, Elisabeth Hagen Hjellbrekke, Ayla Tessem og Rebekka Nistad.

Saksliste og sakspapir er vedlagde.

Eventuelt forfall må meldast snarast til personleg varamedlem og til rebekka.nistad@uib.no

Bergen, 25.09.25.

Heming H. Gujord
visedekan

Julie Alver Tønsaker
studiesjef

SAKSLISTE:

I Godkjenning av innkalling og saksliste

II Godkjenning av [protokoll frå møtet 27.08.25](#) og [protokoll sak 32/25](#).

III Orienteringssaker

SAK 33/25 Vidare arbeid med retningslinjer for bruk av KI i undervisning og vurdering ved HF

SAK 34/25 Opptakssrammer for studieåret 2026/2027

SAK 35/25 Revisjon av utfyllande reglar for HF

SAK 36/25 Spurveugleprisen 2025 (munnleg orientering om søknadsfrist)

IV Diskusjon- og drøftingssaker

SAK 37/25 Emnestorleik på HF

V Vedtakssaker

SAK 38/25 Forslag til emnepakke

Studiestyret ved Det humanistiske fakultet

Møte: 01.10.2025

SAK 33/25: Retningslinjer for bruk av KI ved Det humanistiske fakultet

Dokument i saka

[Studiestyret sak15/25: Bruk av KI i undervisning og vurdering](#)

Bakgrunn

Sittande dekanat gjekk til val på å gi tydelege retningslinjer for bruk av KI i studiane. Dei fleste andre fakulteta ved UiB (inkludert SV) har no innført egne retningslinjer som supplement til UiB sine sentrale nettsider.

UiB sine sentrale nettsider om KI-bruk er for generell til å fylle alle behov blant studentar og tilsette ved HF, og det er på tide å ta opp att saka frå 2024 om retningslinjer for KI-bruk ved HF. Med auka KI-kompetanse blant dei tilsette og meir erfaringar med KI frå dei siste semestera, er det sannsynleg at dette vil vere enklare å få på plass enn tidlegare. Det bør vere mogleg å utarbeide retningslinjer som er gyldige frå våren 2026.

Vidare prosess

Som studiestyret anbefalte våren 2025, blir det sett ned ei arbeidsgruppe som skal jobbe desse retningslinjene fram. Studiestyret bes komme med innspel til mandat for denne gruppa.

Heming H. Gujord
visedekan

Julie Alver Tønsaker
studiesjef

Studiestyret ved Det humanistiske fakultet

Møte: 01.10.2025

SAK 34/25: Opptaksrammer for studieåret 2026/2027

Bakgrunn for saken

Opptaksrammene for studieåret 2025/2026 skal behandles av Utdanningsutvalget 23. oktober og Universitetsstyret den 27. november.

Fakultetets frist for å sende inn opptaksrammer til Studieavdelingen er 8. oktober. Fakultetet sender inn foreløpige opptaksrammer, med forbehold om endelig godkjenning i fakultetsstyret. Fakultetsstyret vil behandle saken i møtet 22. oktober. Saken legges med dette frem for studiestyret til orientering.

Forklaring av fordelingen av utlyste plasser og endringer fra forrige utlysning

Endringene i fordelingen av studieplasser på bachelor- og masternivå kommende studieår skyldes at opprettelsen av *Erfaringsbasert master i undervisning om kontroversielle tema med fordypning i historie eller religion* innebærer en allokering av studieplasser fra bachelorprogrammene i historie og religionsvitenskap til det nye masterprogrammet. Det skal lyses ut 12 plasser på det nye 1,5-årige masterprogrammet, noe som tilsvarer en overføring av 3 plasser fra hvert av de to 3-årige bachelorprogrammene.

Endringene i utlyste plasser på toårige masterprogram henger sammen med at noen masterprogram lyses ut annethvert år. Masterprogram i kinesisk skal lyses ut kommende studieår (5 plasser). De utlyste plassene til masterprogrammet i kinesisk overføres fra masterprogrammet i japansk (5 plasser) som ikke skal lyses ut i 2026. Masterprogram i italiensk (4 plasser) skal heller ikke lyses ut. Disse plassene flyttes til engelsk og russisk, 2 plasser på hvert program.

Antall utlyste plasser legger ikke noen øvre ramme for antall studenter det er mulig å ta opp på programmene dersom det skulle bli bedre søkertall enn forventet. Eventuell overbooking på enkelte program avtales i dialogmøter med enhetene på våren, etter at årets søkertall er klare.

Følgende opptaksrammer planlegges meldt inn for studieåret 2026/2027:

Det humanistiske fakultet	Opptaksramme 2025/2026	Opptaksramme 2026/2027	Endring	Merknad
Årsstudium i engelsk	24	24		
Årsstudium i filosofi	15	15		
Årsstudium i fransk	8	8		
Årsstudium i historie	40	40		
Årsstudium i kjønn, seksualitet og mangfold	15	15		
Årsstudium i kunsthistorie	30	30		
Årsstudium i nordisk	35	35		
Årsstudium i norsk som andrespråk	13	13		
Årsstudium i religionsvitenskap	20	20		
Årsstudium i spansk språk og latinamerikastudier	10	10		
Årsstudium i tysk	8	8		
Årsstudium samlet	218	218		
Bachelorprogram i arabisk	15	15		
Bachelorprogram i arkeologi	50	50		
Bachelorprogram i digital kultur	55	55		
Bachelorprogram i engelsk	57	57		
Bachelorprogram i filosofi	44	44		
Bachelorprogram i fransk	10	10		
Bachelorprogram i historie	115	112	-3	Overført til nytt program
Bachelorprogram i italiensk	10	10		
Bachelorprogram i japansk	40	40		
Bachelorprogram i kinesisk	20	20		
Bachelorprogram i kjønnsstudier	17	17		
Bachelorprogram i klassisk filologi	10	10		

Bachelorprogram i kulturvitenskap	22	22		
Bachelorprogram i kunsthistorie	35	35		
Bachelorprogram i litteraturvitenskap	45	45		
Bachelorprogram i nordisk språk og litteratur	27	27		
Bachelorprogram i norrøn filologi	5	5		
Bachelorprogram i norsk som andrespråk	10	10		
Bachelorprogram i religionsvitenskap	20	17	-3	Overført til nytt program
Bachelorprogram i russisk	16	16		
Bachelorprogram i spansk språk og latinamerikastudium	27	27		
Bachelorprogram i språkvitenskap	15	15		
Bachelorprogram i teatervitenskap	16	16		
Bachelorprogram i tysk	10	10		
Bachelorprogram samlet	691	685		
Lektor, 8.-13. trinn, engelsk	24	24		
Lektor, 8.-13. trinn, fransk	4	4		
Lektor, 8.-13. trinn, spansk	7	7		
Lektor, 8.-13. trinn, tysk	4	4		
Lektor, 8.-13. trinn, historie	28	28		
Lektor, 8.-13. trinn, religionsvitenskap	22	22		
Lektor, 8.-13. trinn, nordisk	29	29		
Integrert masterprogram	118	118		
Erfaringsbasert master i undervisning i kontroversielle tema med fordypning i historie eller religion		12	12	Utgjør 6 ba-plasser (hentet fra ba-his og ba-relv)

Erfaringsbasert masterprogram 90 studiepoeng		12		
Erfaringsbasert master i undervisning med fordypning i engelsk	10	10		
Erfaringsbasert master i undervisning med fordypning i norsk	10	10		
Masterprogram i allmenn litteraturvitenskap	10	10		
Masterprogram i arkeologi	10	10		
Masterprogram i bærekraft	20	20		
Masterprogram i digital kultur	9	9		
Masterprogram i engelsk	13	15	2	Fordelt 2 plasser fra italiensk
Masterprogram i filosofi	11	11		
Masterprogram i fransk	3	3		
Masterprogram i gresk	2	2		
Masterprogram i historie	30	30		
Masterprogram i italiensk	4	0	-4	Ikke opptak 2026
Masterprogram i japansk	5	0	-5	Ikke opptak 2026
Masterprogram i kinesisk	0	5	5	Opptak 2026
Masterprogram i kulturvitenskap	4	4		
Masterprogram i kunsthistorie	8	8		
Masterprogram i latin	2	2		
Masterprogram i lingvistikk	5	5		
Masterprogram i nordisk språk og litteratur	7	7		
Masterprogram i norrøn filologi	2	2		
Masterprogram i religionsvitenskap	7	7		
Masterprogram i russisk	3	5	2	Fordelt 2 plasser fra italiensk
Masterprogram i spansk og latinamerikastudier	3	3		

Masterprogram i teatervitenskap	4	4		
Masterprogram i tysk	3	3		
Toårige masterprogram samlet	185	185		
Total	1212	1218	Økning skyldes overføring av studieplasser fra 3-årige ba-program til 1,5-årig ma-program	

Studiestyret ved Det humanistiske fakultet

Møte: 01.10.2025

SAK 35/25: Revisjon av utfyllende reglar for HF

Dokument i saka

- [Forskrift om studium ved Universitetet i Bergen](#)
- [Utfyllende reglar for gradsstudium ved Det humanistiske fakultet](#)
- [Sak 39/24 i studiestyret 27.11.2024](#)

Bakgrunn for saka

UiB si studieforskrift regulerer alle forhold ved studia på UiB, og set også rammene som fakulteta kan vedta fakultetsspesifikke reglar innanfor. Den noverande studieforskrifta tredd i kraft 1. januar 2024. HF sine utfyllende reglar blei sist reviderte i november 2024, for å gjere nødvendige tilpassingar til den nye studieforskrifta. Arbeidet blei omfattande, og nokre punkt måtte utsettast, då dei ikkje blei ferdigbehandla i studiestyret (jf. sak 39/24).

Når vi no skal følge opp desse punkta, skjer det samtidig med at det er foreslått fleire endringar i studieforskrifta, og det er meldt behov for å tenke nytt rundt nokre av sakshandsamingspraksisane ved HF. Det er derfor føremålstenleg med ein heilskapleg gjennomgang av heile regelsettet ved HF. Ikraftsetting frå neste studieår gir god tid til ein grundig prosess.


Tidsplan

Studieseksjonen har sett opp ein tidsplan som legg opp til at nye utfyllende reglar til studieforskrifta ved HF trer i kraft frå **1. august 2026**.

Arbeidet har starta med ei kartlegging av aktuelle endringar og omsyn som må takast, som konsekvensar av dei føreslåtte endringane i studieforskrifta, manglar og klargjeringsbehov som er meldt tidlegare, og det som gjenstår frå førre revisjon.

Studieseksjonen ved fakultetet vil utarbeide eit førsteutkast, som blir sendt på høyring til institutta og sentera 17. november, med frist 19. desember. På nyåret utarbeidar studieseksjonen eit andreutkast av regelsettet, parallelt med at det vert lagt fram for studiestyret i delar i møta i januar og mars.

Tidsplanen legg opp til vedtak av regelsettet i studiestyret i april 2026 og endeleg vedtak i fakultetsstyret i mai 2026, men for å ta høgde for at det kan bli behov for meir tid til diskusjonar i studiestyret, er det òg eit alternativ med vedtak i junimøta.



Forslag til vedtak

Studiestyret tar saka til orientering.

Heming Helland Gujord
visedekan

Julie Alver Tønsaker
studiesjef

Studiestyret ved Det humanistiske fakultet

Møte: 01.10.2025

SAK 37/25: Emnestorleik på fakultetet

Til diskusjon

HF har ingen felles norm for emnestorleik, og det finst i dag emne på 5, 10, 15, 20 og 30 studiepoeng i HF si portefølje. Ulik emnestorleik kan vere til hinder for utvikling av fellesemne og emnepakkar i den nye studieporteføljen og gjer at samarbeid på tvers av emnestorleik blir meir utfordrande enn samarbeid mellom fag med same emnestorleik. Dette legg uønskte føringar på arbeidet med studieporteføljeprojektet, og ein ber Studiestyret drøfte korleis faga kan finne gode løysingar på denne utfordringa. Korleis skal fag med ulik emnestorleik kunne etablere gode faglege samarbeid om fellesemne og emnepakkar?

Arbeidet med emnepakkar og fellesemne er godt i gang, og utfordringa med emnestorleik er allereie velkjend. Studieadministrasjonane ved institutta melder at fleire samarbeid om fellesemne og emnepakkar tyr til såkalla «L-emne» som ei løysing på ulik emnestorleik. «L-emne» vart innført i den tidlegare modellen for lektorutdanninga, der dei vart brukt som eigen emnekode for det same emnet i ein versjon med redusert storleik. I desse tilfella eksisterer det altså to emne med ulik kode og ulikt omfang for det same faglege innhaldet. Døme på dette er ENG339 (10 studiepoeng) og ENG339L (5 studiepoeng) og NOLI103 (15 studiepoeng) og NOLI103-L (10 studiepoeng).

Dette har ikkje fungert ideelt, av fleire grunnar. Sjølv om det meste av undervisninga og litteraturen er felles, er det vanskeleg å balansere undervisnings- og arbeidsmengda i ei studentgruppe der studentane skal ha ulikt læringsutbytte og ulik studiepoengutteljing. Det kan òg utvikle seg ei forståing blant studentane om at dei er inndelt i eit A- og B-lag, og hindre det faglege fellesskapet i gruppa. Ressursmessig er det òg krevjande med ein struktur der eit undervisningsinnhald har dobbelt opp med emneskildringar, litteraturlister, vurderingar osb. Ein slik struktur er òg meir ressurskrevjande for studieadministrasjonen, som ikkje meiner dette er ei ideell løysing.

For å hindre at utvikling av fellesemne og emnepakkar gjer emneporteføljen ved HF uryddig og forvirrende, bør det etablerast nokre felles prinsipp og løysingsforslag for korleis ein kan handtere samarbeid mellom ulike emnestorleikar, og kva løysingar ein bør unngå.

Vi ber studiestyret innhente synspunkt, forslag og erfaringar frå sine institutt knytt til dette før møtet.

Heming H. Gujord
visedekan

Julie Alver Tønsaker
studiesjef

Studiestyret ved Det humanistiske fakultet

Møte: 01.10.2025

SAK 38/25: Forslag til emnepakke

Dokument eller vedlegg i saka

Emnepakken *Tekst- og kommunikasjonsarbeid i praksis*

Bakgrunn for saka

Det har kome inn eit forslag til ein emnepakke frå fagmiljøet i nordisk. Emnepakken er skriven inn i malen vedtatt av studiestyret i april 2025. Dette er det første forslaget til emnepakke som studiestyret blir bedt om å ta stilling til.

Den vedlagte emnepakken blir difor eit utgangspunkt for drøfting om kva studiestyret skal vurdere i oppretting av emnepakkar i Studieporteføljeprojektet. Aktuelle vurderingar kan vere:

- Gir malen gode nok rammer for å innhente relevant informasjon?
- Bør det bli gitt tydelegare rettleiing i kva som bør skrivast inn i malen?
- Kor mykje detaljar skal studiestyret meine noko om?
- Kva inneber det at studiestyret godkjenner ein emnepakke?

Forslag til vedtak

Studiestyret godkjenner at emnepakken *Tekst- og kommunikasjonsarbeid i praksis* innfrir kravet til ein emnepakke. Kva emnepakkar som vil inngå i studieporteføljen kan først avgjerast ut frå ei heilskapsvurdering i lys av det samla undervisningstilbodet på fakultetet.

Heming H. Gujord
visedekan

Julie Alver Tønsaker
studiesjef

Tittel	Tekst
Namn på emnepakken	Tekst- og kommunikasjonsarbeid i praksis
Om emnepakken	Denne emnepakken består av emnet NOSP104 Nordisk: Språkssystem og språkbruk, som byggjer opp ei grunnstamme av kunnskap om moderne norsk grammatikk, lydverk, ordforråd og tekstkunnskap som er naudsynt for norsklærarar, språkkonsulentar og andre som utøver yrke der gode norskspråklege kvalifikasjonar er eit krav, kombinert med emnet PRAKTINF Praktisk informasjonsarbeid, der studentane får innsikt og praktisk trening i kommunikasjons- og informasjonsarbeid. I emnet NOSP104 er det lagt inn eit obligatorisk oppgåveseminar kvar veke der studentane får jobba med praktisk oppgåveløysing i små grupper. I emnet PRAKTINF er det lagt inn ein fem vekers praksisperiode i private verksemdar, offentlege kontor og institusjonar, eller til prosjekt ved UiB knytt til emnestudiet. Emnepakken passar for studentar som ønsker å arbeide med kommunikasjon og tekst i den norske arbeidsmarknaden. Pakken kombinerer teoretisk kunnskap om ulike aspekt av moderne norsk språk og språkbruk med teoretisk og praktisk kunnskap om kommunikasjon, informasjonshandtering og bruk av skriftspråket som verktøy.
Emne i emnepakken	• PRAKTINF- Praktisk informasjonsarbeid (15 stp.) - obligatorisk • NOSP104 - Nordisk: Språkssystem og språkbruk (15 stp.) - obligatorisk
Gjennomføring og oppbygging	
Undervisningssemester	Vår/haust. Denne emnepakken blir tilbydd som emnepakke over to semester: NOSP104 vår, PRAKTINF haust.
Tilrådde forkunnskapar	
Kontaktinformasjon	studieveileder.hf@uib.no